# Kap. 4

## Fagblad, utval og heimesider

### § 49 Fagblad og heimesider i forbundet
1. Forbundet skal gje ut fagbladet "I skolen", og i tillegg drifte ei heimeside og vere aktiv via sosiale media. Dette skal vere forbundet sine organ ut og gje medlemmer og andre innsyn i verksemda i forbundet.
2. Fagbladet og heimesida skal presentere forbundet sine standpunkt og i best mogleg grad spegle den utdanningspolitiske debatten.
3. Ansvarleg redaktør vert valt av forbundsstyret, eller forbundet kan kjøpe tenesta av andre fagblad.
4. Ansvarleg redaktør er underlagt alminnelege presseetiske prinsipp og lover.

### § 50 Forhandlingsutval
Forbundsstyret fungerer som forbundet sitt forhandlingsutval.

### § 51 Organisasjonsutval
1. Organisasjonsutvalet er rådgjevande organ for forbundsstyret i organisasjonssaker.
2. Utvalet har ansvar for å revidere forbundet sine vedtekter før landsmøtet og innstiller overfor landsstyret.
3. Utvalet skal vere rådgjevande organ for forbundsstyret/landsstyret i tolking av vedtektene.
4. Utvalet skal bestå av fem medlemmer med erfaring frå organisasjonsarbeidet i forbundet, deriblant ein frå administrasjonen i forbundet som er leiaren i utvalet. Går nokre av medlemmene ut i perioden, skal utvalet supplerast etter vedtak i landsstyret.
5. Ein forbundssekretær skal fungere som den faste sekretæren i utvalet og har tale- og forslagsrett.
6. Verksemda i utvalet skal finansierast ut frå ei ramme fastlagt i forbundet sitt budsjett for kvart år.

### § 52 Utdanningspolitisk utval
1. Utdanningspolitisk utval er rådgjevande organ for forbundsstyret i utdanningspolitiske spørsmål, og utvalet har ansvar for å førebu revisjonen av utdanningspolitisk prinsipp- og handlingsprogram før landsmøtet og innstiller overfor landsstyret.
2. Medlemmene i utvalet kan representere forbundet på møte og konferansar der utdanningspolitiske spørsmål vert drøfta.
3. Utvalet skal utarbeide innstillingar og fråsegner om utdanningspolitiske spørsmål, blant anna på oppdrag frå administrasjonen i forbundet.
4. Utvalet skal leggje opp til debatt i organisasjonsledda i forbundet om nye/uavklarte utdanningspolitiske spørsmål.
5. Utvalet skal bestå av fem medlemmer, deriblant ein frå administrasjonen i forbundet som er leiar i utvalet. Går nokre av medlemmene ut i perioden, vert utvalet supplert etter vedtak i landsstyret.
6. Ein forbundssekretær skal fungere som den faste sekretæren i utvalet og har tale- og forslagsrett.
7. Verksemda i utvalet skal finansierast ut frå ei ramme fastlagt i forbundet sitt budsjett for kvart år.

### § 53 Pensjonsutval
1. Pensjonsutvalet er forbundets rådgjevande organ i alle spørsmål som gjeld pensjon.
2. Utvalet har som arbeidsområde:
    - Hente inn informasjon frå medlemmer, frå Stortings- og regjeringsdokument, frå offentleg pensjonskasse eller tilsvarande ordning, og andre kjelder som er viktige.
    - Arbeide med informasjonen og fremje saker for dei styrande organa i SL.

3. Utvalet ser til at medlemmene vert gitt informasjon gjennom I Skolen, brev, trykksaker, sosiale media og konferansar.